



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Nina Fredriksen	<b>Arkivkode:</b> GBNR-22/18
<b>Arkivsaksnr:</b> 20/448	<b>Løpenr:</b> 20/9578
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	17.11.2020	026/2020

## Klagebehandling- søylekai og flytebrygge på GBNR 22/18

### 17.11.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegget frå rådmannen, som vart vedteke med 5 mot 4 røyster:

For	I mot
Ove Toland (Bl)	Karl Kolbotn (Frp)
Gunn Petersen (Ap)	Linda Kolbotn (Frp)
Anja Elisabeth Markhus (Bl)	Øyvingd Steinsland (Bl)
Monica Tjønnå (Sp)	Thorvald Moe (H)
Oscar Røen (Mdg)	

### NAT- 026/2020 Vedtak:

Administrasjonen kan ikkje sjå at det føreligg nye momenter i saka som tilseier ei endring av tilrådinga.

Me tilrår til at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel til bygging av søylekai og flytebrygge på gbnr. 22/18. Grunngevinga er at omsyna bak arealføremåla og byggjegransa i kommuneplanen vert vesentleg sett til side, og fordelane med å gje dispensasjon er klårt mindre enn ulempene for ålmenta og presedensverknaden for liknande saker.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonen kan ikkje sjå at det føreligg nye momenter i saka som tilseier ei endring av tilrådinga.

Me tilrår til at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel til bygging av søylekai og flytebrygge på gbnr. 22/18. Grunngevinga er at omsyna bak arealføremåla og byggjegransa i kommuneplanen vert vesentleg sett til side, og fordelane med å gje dispensasjon er klårt mindre enn ulempene for ålmenta og presedensverknaden for liknande saker.

### **Kva saka gjeld:**

Saka gjeld dispensasjon frå LNF-føremål og byggjegrænse langs sjø i kommuneplanens arealdel. Det vart gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til etablering av søylekai og flytebrygge i Naturruvalet, sak-015/2020. Fylkesmannen i Vestland klaga på vedtaket.

Saksgangen vidare er at naturutvalet skal handsama klagen. Dersom klagen vert teken til følgje- og avslår dispensasjonen- stoppar saka der. Dersom dei ikkje tek klagen til følgje og opprettheld dispensasjonen; skal saka sendast tilbake til fylkesmannen. Fylkesmannen sender deretter saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann som fattar endeleg avgjerd.

### **Samandrag:**

Dispensasjonssøknad søylekai og brygge vart behandla i Naturutvalet 17.09.2020:

Sak- 015/2020, har i møte 01.09.2020 fatta følgjande vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til etablering av søylekai og flytebrygge på gbnr 20/18.

#### Grunngjeving:

- Tiltaket er minimalt og innanfor merka område til småbåthamn.
- Tiltaket vil ikkje svekka ålmenta sine interesser då tilkomst er umogleg utan båt. Kjem ein med båt er det rett på ein bratt knaus/berg utan flytebrygge.
- Det er ikkje eit område som er i bruk for beitedyr.

#### Fylkesmannen klaga på vedtaket, datert 05.10.2020:

Fylkesmannen i Vestland klager på Samnanger kommune sitt vedtak i Naturutvalet sak 015/2020 av 01.09.2020 der det vert gjeve løyve til bygging av søylekai og flytebrygge på gnr. 20 bnr. 18.

*Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast når ikkje området er godkjent for utbygging i overordna plan. Tiltaket er i strid med arealformålet både på land og i sjø. Det synast også ueheldig å etablere ytterlegere tiltak til sjøen, då det kan gjere det vanskeleg å planlegge for formålet i sjø som er småbåthamn. Fylkesmannen vil elles rå til fellesanlegg for båt m.m. i området, også for private anlegg knytt til eigedomane. Vi rår derfor særskilt frå slike tiltak som det er søkt om i dette området.*

*Fylkesmannen kan ikkje sjå at dette skal vere meir tungtvegande grunnar enn omsyna bak arealdelen av kommuneplanen og dei statlege føringane for arealforvaltninga som denne sikrar.*

*Tvert i mot vert desse interessene etter vårt syn vesentleg tilsidesette dersom det vert gjeve dispensasjon til frådelling som omsøkt, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.*

### **Kommentar til klagevedtaket:**

Utvalgsleiar i Naturutvalet: *Dette er et tiltak som har minimale/ingen ringvirkninger for/til kommuneplanen. Det er flere lignende tiltak i dette området - om de er gjennomført før den aktuelle kommuneplanen ble vedtatt - har det ingen betydning/hindring for det omsøkt tiltaket i denne konkrete søknaden etter utvalgsleder sin mening.*

*Vi kan ikke som folkevalgte - etter et samrøystes vedtak i NU, bare godta Fylkesmannens generelle avslag av våres vedtak.*

### **Vurderingar:**

Me meiner at planføremålet småbåthamn ikkje opnar for etablering av småbåthamner eller flytebryggjer som knyt seg til landområde med kommuneplanstatus LNF. Dette aktuelle området (Grunnavågen) vart teikna inn i kommunedelplan for kystsona med ei veldig stor arealavgrønning fordi Områdereguleringsplan for Bjørkheimsområdet var i prosess, og ein såg på fleire ulike utfyllingsscenario for å utvikla Bjørkheim utover i Grunnavågen. Planprosessen landa til slutt på ei nokså lita utfylling, og ein stod då igjen med ein dårleg match mellom kommuneplankart og reguleringsplankart. Me vurderer denne strandsona som svært verdifull fordi den er sentrumsnær, og ved å opna for tiltak vil det gje veldig ueheldig presedensverknad for liknande saker.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det føreligg nye momenter i saka som tilseier ei endring av tilrådinga. Me tilrår til at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel til bygging av søylekai og flytebrygge på gbnr. 22/18. Grunngevinga er at omsyna bak arealføremåla og byggjegrensa i kommuneplanen vert vesentleg sett til side, og fordelane med å gje dispensasjon er klårt mindre enn ulempene for ålmenta og presedensverknaden for liknande saker.